



Rv. 36

Takk for at du er tålmodig!



Riksveg 36 blir helde open no i julemånaden, men 6. januar stenger vi den att. Rehabiliteringa av Sjøormporten er heilt ferdig og arbeidet med ny riksveg startar for fullt.

## Stenge att 6. januar 2020

Vi forstår at det har vore brysam for deg å måtte køyre omkøyringsvegen langs vestsida av Seljordsvatnet, om Garvikstrondi, for deg med personbil. Likeleis for alle dykk med tunge køyretøy som må køyre E134 om Notodden. Vi ønskjer derfor å takke dykk alle for at de er så tolmodige.

### Kva skjer neste år?

Den 6. januar neste år blir vegen stengt på nytt. Vi har kome godt i gang med dei første anleggsvegane og vår entreprenør Hovden hytteservice, har starta å sprengje det som skal bli vegskjeringar. Dette arbeidet vil vi halde fram med utover våren. Det meste av steinen som blir sprengt ut, blir seinare brukt i sjølve vegen.


I løpet av vinteren startar vi med den store fyllinga som blir lagt i Bukti. Deler av denne fyllinga vil gå ut i Seljordsvatnet for å få ein stabil grunn til den nye vegen.

### Opnar i mai att

Den 1. mai opnar vi vegen att, og da skal den vere open heilt fram til hausten 2020. Deretter kjem ein ny periode på fem månader kor vegen er heilt stengt medan resten av vegen blir bygd.

### Kortere omveg

Sommaren 2021 skal snora klippast og du kan køyre på den nye og mindre svingete vegen. Den gode nyheita medan vi venter, er for de av dykk som må køyre om Notodden. Sidan Mælefjelltunnelen no er open, slepp de 11 kilometer av omvegen.



### Endringar på gong

Det skjer store endringar i korleis og kven som skal administrere vegane i Noreg i framtida. Allereie frå og med 1. januar 2020 vil fylkeskommunane sjølve ta over administrasjonen av fylkesvegane. Dette er ein del av regionreforma og er ei omfattande endring. Rv. 36 mellom Bø og Seljord er eit riksvegprosjekt og vil

framleis vere statleg. Alle dei som i dag arbeider på prosjektet vil frå nyttår gå over til den nye fylkeskommunen Vestfold og Telemark fylkeskommune, så frå da av vil det kome nye personar frå Statens vegvesen som skal leie dette prosjektet. **Den avtroppande prosjektorganisasjonen vil nytte høvet til å takke alle for godt samarbeid, og ynskje dykk ei god jol.**

Våre nettsider finner du her: [vegvesen.no/Riksveg/rv36seljorstrondi](http://vegvesen.no/Riksveg/rv36seljorstrondi)

**KONTAKTPERSONAR:** Prosjektleder **Tom Hedalen** telefon: 90 95 94 33  
Byggeleder **Trond Øygarden** telefon: 97 56 54 52